









Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58



Vekeplan for 2. steg veke 34

		MÅNDAG 21/8	TYSDAG 22/8	ONSDAG 23/8	TORSDAG 24/8	FREDAG 25/8
1	08.50 09.35	Velkommen til fyrste skuledag i 2.klasse 	Bærtur og baking saman med fadrane 	Stasjonar norsk/matte/engelsk: 	Kick off: Leseglede med forfattarbesøk 1.-7.steg 	Fellestur til Flotane 1.-7.steg 
2	09.35-10.20	Norsk		Tema: Leik og trivsel		
3	10.35 11.30	Skulen les				
4	12.00 12.45	Tema: Leik og trivsel				
5	12					
6	13.45 14.30					
		LEKSE TIL TYSDAG: Ver med å pakke tursekken din. Du treng niste, drikkflaske, sitjeunderlag og bytesokkar.		LEKSE TIL ONSDAG:	LEKSE TIL TORSDAG:	LEKSE TIL FREDAG: Ver med å pakke tursekken din. Du treng niste, drikkflaske, sitjeunderlag og bytesokkar.
Vekelekse: Fortel til nokon heime kva me har gjort på skulen denne veka.						
Norsk øveord: Skule Skulestart Klasse Klassevenn			Matematikk øveord: Lengde Breidde Centimeter Meter		English: Hello How are you? I am fine, thank you. I am not fine, thank you.	

Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18



Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58



	Dette arbeider me med denne veka
Norsk	Høgtlesing og munnleg kommunikasjon i leik og samspel
Matematikk	Areal og lengdemåling
Engelsk	Bruke høflegheitsuttrykk, repetisjon av ord, uttrykk og frasar, song
Kroppsøving	Orientering, leik og samspel i variert terreng
Tema	I veke 34 og 35 er det sosialveker på skulen. Det vert vektlagt sosiale aktivitetar, leik og mykje tid saman i klassen og med fadrane på 6.steg.

Meldingar

Velkommen til 2.klasse! 😊

Håpar de har hatt ein flott sommar! Dei to første vekene, veke 34 og 35, er det sosialveker på skulen. Då er det særleg fokus på leik og trivsel. Me kjem til å vera mykje på tur og mykje ute med ulike aktivitetar og leikar. De ser på timeplanen på den første sida kva me driv med om dagane. 😊

Personale

Dette året vert det Siv Jane og Stine som delar kontaktlæraransvaret i klassen. Begge tek vidareutdanning, og har difor to dagar fri i veka. Siv Jane jobbar måndag, tysdag og onsdag, medan Stine jobbar onsdag, torsdag og fredag. Det er difor ekstra viktig at de sender gruppemelding i Visma til begge kontaktlærarane. Me er så heldige å ha med oss Aase Menes måndag, tysdag, torsdag og fredag. I tillegg er Kristoffer Myrseth, Marta Dalaker og Bente Seime med som faglærarar.

Garderobe

Det er fint om de fyller opp korgar med klede og utstyr som passar årstida. NB! Hugs innesko. 😊 Det er lurt å merke både klede og sko tydeleg med namn slik at elevane kjenner att utstyret sitt.

Fråvær

Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma.

Anna informasjon

Leikanger barneskule tek til klokka 08.50 på morgonane. Måndagar, tysdagar, torsdagar og fredagar er skuletida slutt klokka 13.30, onsdagar sluttar me 12.45.

Ynskjer dykk ei fin veke! 😊

Siv Jane og Stine

Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18